

# Årsmelding for Nedstrand sokneråd

2024



Frå kyrkjelydsturen til Moster.

## Soknet har mellom anna fylgjande mål for arbeidet:

Nedstrand sokneråd ynskjer at kyrkja skal komme i møte med, og oppmuntre, alle døypte og udøypte i soknet, slik at ein opplever seg velkommen og berika i all kyrkjeleg verksemd i soknet.

- Vi vil:
- 1/ Stimulere til gudstenesteliv som rører, frigjer og utrustar.
  - 2/ Styrkje arbeidet blant barn og unge
  - 3/ Bygge livsnære fellesskap
  - 4/ Frigjere mangfaldet av tenester, evner og nådegåver

## Takk

På vegne av soknerådet vil eg takka frivillige og tilsette for året som ligg bak oss. Arbeidet i kyrkjene våre har gitt mange treffpunkt, og Guds ord har blitt rikelig forkynt.

Når ein les årsmeldingas så ser ein at det er mange flotte aktiviter i soknet i tillegg til gudstenester, dåp, konfirmasjon, gravferd og vigslar.

I 2024 har me hatt urolege og mørke tider i verda. Mørket er fråvær av lys. Jesus sa: Jeg er verdens lys. Den som følger meg skal ikke vande i mørket, men ha livets lys. (Joh 8.12). Me vil at Jesu lys skal skinne gjennom kyrkjene våre i året som ligger foran oss.

Kåre Åsheim  
Leiar i soknerådet

## NORMALEN

2024 har vore eit år der vi har gjennomført planlagd aktivitet.



5 par blei vigde i Skjoldastrauen og Nedstrand i 2024

## Gudstenestelivet

Gudstenestene er gjennomført etter oppsett plan.

Etter gudstenestene 22. oktober og 19.november der det var utdeling av barnebiblar, inviterte soknerådet til betasuppe og kake på Grendasenteret og på Soknatun. Godt oppmøte begge stader.

## OVERSIKT 2024: (Tal frå 23 og 22 i parentes)

Vi har hatt 53 (53, 52) gudstenester på søndag og hellig-/høgtidsdagar, og 3 gudstenester utanom søndag og helligdag.

Til saman var det 4367 (3983,3897) deltagarar på gudstenestane. Gjennomsnittleg oppmøte på gudstenestane har vore 78 (70, 70) personar. Det har vore 17 dåp (11, 23). Ikkje alle bur i soknet.

I tilknyting til gudstenestane har vi mange frivillige som deltek: klokkarar, kyrkevertar, songarar og dei som lagar kyrkjekaffi. Konfirmantane deltek også med oppgåver i gudstenestane.

## Kyrkjenær: Trusopplæring 0 til 18 år

Kyrkjenær skal famna alle døypte og tilhøyrande i alderen 0-18 år. Arbeidet i Kyrkjenær følgjer ein felles plan for Nedstrand, Tysvær, Førresfjorden og Bokn sokn, med enkelte lokale variasjonar.

Kyrkjenær starta august 2007. Alle medlemmar i målgruppa får tilsendt invitasjon, og dersom nokon som ikkje er medlem av den norske kyrkja ynskjer å delta, er dei hjarteleg velkommen til det. Vi ser at dette talet aukar, og det krev ein del «oppsokjande» verksemd for at alle skal kunne få tilbodet.

Kyrkjelydspedagogen, Janne Eide, planlegg og legg til rette, medan fleire frivillige, deriblant konfirmantar, tek del i gjennomføringa av dei forskjellige tiltaka - og gjev såleis eit viktig bidrag inn i trusopplæringa. I ein store del av tiltaka er foreldre eller andre frå familien med borna. Å delta i dei ulike tiltaka, og få oppleve barna sitt engasjement og korleis ein jobbar med trusformidling i kyrkja kan vere til stor glede for dei som er med.

Ved barnedåp får alle dåpsbarn dåpslys og dåpsklut frå Kamerun. Dåpssamtalen har presten som regel heime hjå dåpsfamilien.

**Babysong 0-1 år:** Det har vore vanskeleg å etablere Babysong i Nedstrand Sokn. Få babyar, eindel sjukdom, lange avstandar. 7 meldte sin interesse, men på treffa har det vore max 3 i 2024. Babysongtreff er eit tiltak ein må jobbe med og vurdere.

Korleis blir dette opplyst om i dåpssamtalar? Kva andre møtestadar har nybakte foreldre? Kva er "suksessfaktoren" i andre menigheter? Tilgang på babyer og interesse/behov er grunnleggande. Syns opplegget er bra og gode møter og samtaler oppstår. Men kun 3/8 treff blei gjennomførte av ulike årsaker. Visjonen er å få desse småbarnsforeldra til å kjenne at dei har lyst å møtast på lokaliteten.



Babysongtreff haust 23 i det nye leikerommet på Soknatur

Minglekafeen laurdagane har også gått trått dette året. 4/6 kafelørdager blei gjennomført. Tross lansering av søndagsskole, møtte kun 8 barn første gong (3-7 år)

#### Dåpshelsing 1 år og 2 år

Helsingane til 1-års dåpsdag (Innramma biletet av kyrkja med bønna "Kjære Gud") og 2-års dåpsdag (Familiekalender). Det bør til ein kvar tid jobbast med å gjere dåpshelsingane relevante og "matnyttige". Helsingane blei ordna av og leverte til heimane av kyrkjelydspedagog og medhjelpar Karina Fitjar. Ein ser etter andre løysingar på kordan få ut helsingane.

**Undretur:** 3-åringane vert inviterte til undretur i kyrkjene. Borna blir kjent med kyrkjerommet, prekestolen, døypefonten og orgelet. Vi hørde forteljinga om sauens som gjekk seg bort og deretter song vi saman. Og vi laga Krølle-sau. Boka Kyrkja Mi blir delt ut til på samlinga og blir godt tatt i mot. Barna tar «Kyrkja si» med heim!

11/16 barn deltok saman med ein vaksen . Vi tok med endringa frå 2023 og legg Undretur til ein ettermiddag (kl17-18) i staden for ein laurdag. Opplegget fungerer veldig godt. Barna som kjem får "Kyrkja mi" boka og korte seanser med undring , bevegelsar rundt i kyrkjerommet og det

sanselege gjer det til ei flott samling, og ein "introduksjon" til kyrkjerommet. Familiene er inviterte til gudstenesta kommande søndag der dei får med seg "Krølle" sauens dei har laga.

**Barnebibelen** vert delt ut til alle 4-åringane i soknet på gudstenester i oktober. I forkant av utdelinga vert alle inviterte til ei ettermiddags-samling der borna får bli kjend med bibelforteljinga om Jesus. Vi bakar bollar, lager bokmerke med akvarell og perling, synger og leiker. Vi ete kvelds saman. 12 born kom saman med foreldre på samlingane. Konfirmantar var medhjelparar.



Utdeling barnebibel Skjoldastrumen



Utdeling av barnebibel i Nedstrand

I dei 2 kyrkjelydane i Nedstrand sokn er det eindel ikkje-døpte og tilflyttarar. Ein må aktivt ta kontakt og invitere. Dei fleste er positive til å motta invitasjon. 17 barn (av 15 registrert døypte = 113 %) tok imot bibel.

Veldig høgtidleg for foreldre og barn å ta imot bibelen i gudstenesta. Det blei ikkje registrert antall deltagarar på gudstenestene, men vi sørger for at alle får biblane sine. Barnebibelen får svært gode tilbakemeldingar frå foreldre. Også dette året hadde Soknerådet lagt opp til suppe etter gudstenesta på Grenda-senteret (lav oppslutning) og Soknatun med bra oppslutning.

**Julekrybbeverkstad for 5-åringane.** I løpet av 2 samlingar i kyrkjene får borna lage si eiga julekrybbe i ei lita eske. 8/15 barn deltok på samlingane saman med foreldre/ besteforeldre. På samlingane er det stemningsfullt laga til. Vi har samlingsstunder der «julefortellinga» er tema, og vi et kveldsmat saman. Konfirmantar hjelper til. I Nedstrand blei julekrybbene stilt ut på barnehagegudstenesta før jul. Skjoldastraumen hadde ikkje barnehagegusteneste (men her hadde 5-åringane julevandring)



Barnehagegudsteneste i Nedstrand der ein av julekrybbene som 5-åringar har laga blir brukt i preika.

### Dåpsskule: 6-år - 1.klasse.

Dåpsskulen 2024 hadde 4 samlingar + gudsteneste på kvar plass. Borna blir henta på skulen til kyrkja. 9 av 15 deltok. Kvar samling har eit tema som blir formidla på ulikt vis, og så har vi faste «ritualer», med song og meir. Vi et saman – barna har med niste, og vi lagar fine ting. Eit dåpstre blir satt opp i kyrkja, og der heng dåpsduer heile perioden.

Kjekt å få møte dei same borna fleire gongar. På første samling er foreldre med, og prest Dag

Tormod underviser. I Skjoldastraumen var Solveig Selvåg medhjelpar, i Nedstrand Brit og Atle Aadland. I 2025 kunne vi legge vekt på Dåpsskoleavslutninga i form av grilling på kyrkjebakken el.

### Haustattakfest: 2.klasse

Haustattaksesamling på Tveit vgs. Er felles for Skjoldastraumen og Nedstrand. 13 av 15 deltok! Vi henta barna på skulen, foreldre henta etter arrangementet. God kommunikasjon med skule/SFO. Dag Tormod er med. Barna høyrer om at Gud skapte jorda, dei opplever mangfaldet i naturen i natursti, blir minna om å ta vare på skaparverket, blant anna ved kildesortering. Barna får ta opp poteter, lager kunstbilete og et eit godt grillmåltid.



I samband med haustattakkegudstenestane markerte vi også Stavanger 900 ved ha båten som besøker dei fleste kyrkjelydane i Stavanger Bispedømme. Kvar kyrkjelyd lagar ein logo som vart sett på seglet.



Høstattakkeopplegg på Tveit VGS



Kreativt innsats i samband med høstakkeoppleggert.

Samarbeidet med Tveit vgs. fungerer bra. Mange flinke elevar med lærar Gunnar Våge var med – og i forkant av arrangementet er kyrkjelydspedagog med i ein skuletime for å bli kjend med ungdomane og gå gjennom oppgåvane. Brit og Atle Aadland var med som hjelparar.

Nokre av barna var med i haustagtekke-gudstenestane der dei bar inn grønsaker og hadde utstilt kunstverka sine.

### Diakonidag 3.klasse.

Diakonidagen er på Nedstrand etter skuletid, frå kl. 13.00 -17.30 for begge kyrkjelydane og fungerer veldig godt! Vi har gode aktivitetar, dette året på Soknatun, vi besøker Nedstrandtunet med fersk bakst og sang/teater, er i svømmehallen og jobbar kreativt. Vi hadde med oss diakon Synnøve Haakonseth, og Dietlind Nakling som medhjelparar.



Diakonidag

**Misjonsdag: 4.klasse.** På skulane sin planleggingsdag i september blei 9-åringane inviterte til aktivitetsdag med fokus på misjon på Stemnestaden. Dette er i samarbeid med dei andre sokna. Masse kjekke aktiviteter og fellesskap. 5 av 13 deltok. Her var både prest og kyrkjelydspedagog med.

**Bibelutdeling og leir:** 5.klassingane får Bibel (NT) av kyrkjelyden sin. Alle blir invitert til utdelingsgudstenesta. Dei som ikkje får bibelen i gudstenesta får den levert heim. I forkant av utdeling blir 5.klassingane inviterte til «Bibel-pizza-treff». Vi har vald å ha eigne samlingar for kvar plass, då blir det meir nærliek. Utanom undervisning, blir samlinga litt klubb-treff. Prest og kyrkjelydspedagog hadde samlinga.



Bibel og pizza 2024

### Påskeleir 5.-7.kl

Soknet har lang tradisjon for å arrangere leir for 5.klassingane i tilknyting til bibelutdelinga.



Frå påskeleiren 2024

For tredje året arrangerte Kyrkjenær i samarbeid med Normisjon/Stemnestaden på påskeleiren for 5.-7.klasse. Kyrkjenær hadde ansvar for undervisning alle tre dagane og kreativ påskeverkstad, samt organisering av Bibelpugg. Normisjon stod for påmelding og økonomi. Å ha leir over fleire årstrinn gir moglegheiter for barna

å reise fleire år - og på mindre plassar har ein ikkje alltid ein "bestevenn" i klassa. Ulempen kan vere at leiren fort kan bli fylt opp ettersom den er for heile Haugalandet. 8/23 5.klassingar var med frå Nedstrand og Skjoldastrumen og fleire frå 6.og 7.kl. Leiren blei avslutta med gudsteneste i Aksdal kyrkje, som blei ei flott oppleveling.

### Lys Vaken: 11 år, 6.klasse

LYS VAKEN 2024 måtte avlysast då vi kun hadde ei påmeldt. Tiltaket var godt marknadsført og påminning gjennom direkte sms.

**7-klassetreff:** Kyrkjelydspedagogen hadde hovudansvar for kvelden som var lagt til Aksdal kyrkje. 7 klasse-treffet «Min digitale verden», er eit samarrangement med alle menigheter i Tysvær og Bokn. Temaet for kvelden (18-21) var nettvett og bevisst nettbruk ved Alexis Lund (frå Tro og Medier). Arrangementet hadde to økter med foredrag, pizzabuffet innimellom, og klubbaktiviteter medan foreldre fekk eit miniseminar – og så felles avslutning. Vi hadde totalt 44 deltagere + foreldre. Frå Nedstrand sokn deltok 8 av 27.

**Tiltak for 13-åringane:** 13-åringane frå Nedstrand blir inviterte til å vere med på sommaravslutninga for Ungdomstrefff på Soknatun slik at dei kan bli litt kjent og kanskje få lyst til å begynne på Ungdomstrefff til hausten.

### Minglekafe - møtestaden

Etter å ha fått pussa opp kjellarrommet på Soknatun, til leike- og formidlingsrom, kom idéen om å skape ein møteplass i regi av Kyrkjenær - for alle aldrar, der heile huset kunne tas i bruk ein laurdag i månaden, kl. 11-14, med enkel meny. Minglekafeen laurdagane har også gått trått dette året. 4/6 kafelørdager blei gjennomført. Tross lansering av søndagsskole, møtte kun 8 barn første gong (3-7 år).

**Konfirmantundervisninga** har god oppslutnad. 27 konfirmantar har følgt undervisninga dette året (2023/24) fordelt på 14 i Nedstrand og 13 i Straumen. Konfirmantane deltek på minst 8 gudstenester, der dei har oppgåver på nokre av dei. Vidare består opplegget av samlingar i

kyrkjene etter skuletid og nokon fellesamlingar på kveldstid.



Før lysmesse i Nedstrand 2024

Vi startar opp i august med friluftsleir (Off-piste Øvre Amdal) og ein frivillig leir (Brandøy). Off-piste blei gjennomført (i august 2023) med overnatting på Øvre Amdal, og med aktivitetane i tilknyting til Soknatun.



Presentasjon i Skjoldastrumen haust 2024

Konfirmantane har i tillegg hjelpeleiaroppgåver på Kyrkjenær-arrangement.



Konfirmantar Off-piste 2024

Årets innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp blei som vanleg gjennomført som dør til dør aksjon. Til saman samla konfirmantane inn (kontantar og vips) kr 38237 (43.318 i 2023). 21 500 blei samla inn i kontanter.

For konfirmantkullet 24/25 er opplegget godt i gang. Off-piste ble gjennomført (i august 2024) utan overnatting på Øvre Amdal.

Soknepresten har ansvaret for konfirmantopplegget og kyrkjelydspedagog er med på nokre samlingar. Det er 25 konfirmantar i 2024/25 kullet.

#### **Unge over konfirmantalder:**

Vi har verken i Nedstrand eller Skjoldastrauen tiltak i regi av Kyrkjenær for unge over konfirmasjonsalder. I Nedstrand deltek mange på Ungdomstreff annakvar fredag.

#### **Anna arbeid bland barn og unge**

**SoulKids:** kor for born frå 5.klasse og oppover. Mellom 4-6 har delteke der. Leiar/dirigent har vore Jorunn Sande Baustad.

**Nedstrand barneforening** har hatt 9 samlingar og basar. Fine samlingar med ca. 30 born kvar gong. Leiarar har vore: Gunvor Hustoft, Gunn Elisabet Helleren Ertenstein, Marit Heien og Sigfrid Espevoll.

**Sundagskule** på Vatland bedehus: Har hatt 10 treff med ca. 5 born. Tre av desse var for heile familien, då har det kome mellom 20-30 personar.

**Fredagsklubben** på Vatland har hatt 9 samlingar kor ca. 10 barn har vore med. Leiarar har vore Ingrid Svinelid og Anne Marie Leth

#### **Etter skuletid i Straumen**



Vi har hatt 8 samlingar. 12-20 barn har møtt opp på kvar samling. Solveig Selvåg, Vivencia Hansen og Astrid Asheim er leiarar. Kyrkjelydspedagog, sokneprest og diakon er med kvar sin gang.



Etter skuletid på Grendasenteret.

**Ungdomsnemnda** i Nedstrand (under soknerådet) driv ungdomstreff annakvar fredag på Soknatun der det møter 10-25 ungdommar.

**Adventstida:** Det har óg i år vore samlingar ved «Stallen» utanfor Nedstrand kyrje søndagane i advent.



Vi opnar krybba i forbindelse med lysmessan. Vi ser at gjennom uka tek mange turen innom stallen for å sjå nærmere på figurane. I Skjoldastrauen kyrkje har vi stjerna som vert tend 1. søndag i advent, og vi har ei flott julekrybbe utstilt inne i kyrkja der ei steinhelle med fleire millionar gamalt fossilavtrykk utgjer bakveggen.

### **Frivillig engasjement.**

Det er mange frivillige som stiller opp til dei forskjellige tiltaka i soknet. Dette er soknerådet takksame for og kyrkjelydane avhengige av. Samstundes treng vi stadig fleire frivillige. (Ta gjerne kontakt med nokon i soknerådet om du ynskjer å bidra på nokon av aktivitetane. Ein gong eller fleire)

### **Misjonsforeningar**

Både i Skjoldastrauen og i Nedstrand er det kvinneforeningar tilslutta Det norske misjonsselskap. I tillegg til foreningsmøter arrangerte dei i Nedstrand Rundt same bord med ca 60 deltagarar

Dei frivillige organisasjonane har forskjellige samlingar på bedehusa, og det er nokre bibelgrupper.

### **Samarbeid med andre**

Soknet har eit breitt og godt samarbeid med mange lag, foreiningar, og kommunale institusjonar i soknet. Nedstrand museum- og historielag er med å arrangerer friluftsgudsteneste, og Bygdekvinnelaget i Straumen og Nedstrandsbuen har medverka på Haustakkegudstenestane.

### **Nedstrandtunet, Sosialsenteret og Grendasenteret**

Soknepresten med organist har månadlege andaktar på Nedstrandtunet, Sosialsenteret på Nedstrand og på Grendasenteret i Skjoldastrauen. Aktivitetsleiar og sokneprest leia også 6 refleksjonssamlingar på Sosialsenteret. Samarbeidet med leiinga og aktivitetsleiarar er godt, og det gjer det mogleg å kome i kontakt med ein stor del av dei eldre i soknet.

Soknepresten har også ein del individuelle samtaler på Nedstrandtunet.

I juni og desember inviterte vi til songandaktar i Nedstrand kyrkje særleg tilrettelagt for bebruarar på Nedstrand tunet.

### **Barnehagane**

I *barnehage-kyrkje-samarbeidet* har vi innarbeida julevandring med 5-åringane både i Skjoldastrauen og i Nedstrand. Julevandring blei berre gjennomført i Skjoldastrauen, leia av kyrkjelydspedagog. Utkledd med kostymer og med tildelte roller frå juleevangeliet får barna bli med å dramatisere julefortellinga. I Nedstrand gjennomførte vi barnehagegudsteneste med foreldre.

### **Skulane**

I *skule-kyrkje-samarbeidet* har vi skulegudstenester, samt at soknepresten regelmessig underviser: 2. trinn om kyrkjebygget, kyrkjeåret og symbol. 4. trinn om død og gravferd. 5. trinn om Bibelen. 9/10. trinn om sorg og kriser. Samarbeidet med skulane følgjer ein plan som er godt innarbeida. I år hadde også sokneprest undervisning for 7. trinnet begge stader om kristenretten i anledning Moster 1000 jubileet. Vi har hatt advent/julegudstenester for både Straumen skule og Nedstrand barne- og ungdomsskule.

### **Anna verksemd i soknet sin regi**

#### **Konfirmantfest 50-års jubilantar.**

I samarbeid med kyrkjeforum arrangerete vi konfirmantfest for 5 årskull 50-års jubilantar. Se nedanfor.

#### **Konfirmantfest årets konfirmantar:**

For årets konfirmantar med familie blei det arrangert festar etter Ung messe både på Soknatun i Nedstrand og på Grendasenteret i Skjoldastrauen.

#### **Soknemøte (Årsmøte) for kyrkjelyden**

Årsmøtet for 2024 vart gjennomført 17. mars etter gudstenesta i Nedstrand.

## Påskesong

Det blei i år ikkje invitert til til påskesong i Skjoldatraumen kyrkje 2.påskedag.



Vi har dei siste åra satt opp kors ved kyrkjene før palmehelga. Frå påskeaften vert dei pynta med blomster – korset gir håp.

## Trusopplæring for vaksne

Soknerådet inviterte til to samling i vår og to i haust i Skjoldatraumen. Tema våren var: Bibelmauskriper og Måltidet i Bibelen. Hausten var tema: Livsveien – spor av tro og Er kyrkja for vanlege folk. Vi møtes i kyrkja og syng saman, og går deretter ned til Grendasenteret for kveldsmat og tema. Ca. 20 var med på samlingane.

## Diakoni

Ved hjelp av frivillige gir soknerådet ei blomsterhelsing til dei som har runde fødselsdagar. Sokna i Haugaland og Karmøy prosti samarbeider med å gje tilbod om sorggrupper. Informasjon om dette blir mellom anna sendt ut i samband med invitatsjonsbrev til pårørande til allehelgensgudsteneste der vi minnast dei som er døde det siste året.

**Misjonsprosjekt:** For perioden 2024-2028 har Soknerådet gjort vedtak om å fornye dei to misjonsprosjekt vi har hatt dei siste fire åra: NMS sitt arbeid i Midtausten, mellom anna Sat 7 Media-arbeid og Stefanusalliansen med Stefanusbarna og arbeid i Egypt. Soknet har forplikta seg til å støtte kvart prosjekt med kr 25.000 pr. år.

**Soknet støttar Kirkens Nødhjelp** sin fasteaksjon. Ved hjelp av konfirmantane gjennomfører soknet vanlegvis dør til dør innsamling. Årets resultat blei kr 38237. I tillegg hadde vi offer til Kirkens Nødhjelp på julaftan og 17.mai gudstenestane.

## Kyrkjelydstur

Soknerådet arrangerte tur til Moster 23.juni. 27 personar var med.



Langevåg gamle kyrke

Det blei ein vellukka tur med omvising i Moster Gamle kyrkje, Moster Amfi med god lunsj og informasjon om Moster 1000 år og kristenretten. Etter det besøkte vi Langevåg gamle kyrkje og fikk mellom anna eit foredrag om Englandsfarerne under krigen.

## Julekonsertar

Fredag 20.juni Hadde vi julekonsert i Skjoldatraumen med lokale medverkande. Ingrid Hustoft Landro var musikalsk leiar og spelte.



Frå Julekonserten i Skjoldatraumen.

Lørdag 21. desember var det Vår jul med Julekor, lokale solister og innleidde musikarar i Nedstrand. Også i år var Ole Morten Velde med som solist. Ein flott konsert med bra oppmøte. Det blei to gode konserter der dei som kom tydeleg satt pris på konsertane.



Gjestesolister i Nedstrand var Ole Morten Velde og Siri Kval Ødegård

## Julefest

7. januar vart det invitert til julefest på Soknatun.



Vi markerte også Hellig trekongers fest, som i mange land med ortodokse kristne blei feira som julafoten. Fleire av våre nye sambygdingar frå Ukraina var med, og lot oss smake på deira tradisjonsmat. Solul kids song opg vi gjekk rundt juletre.



Soulkids song på julefesten

## Nedstrand kyrkjeforum

Kyrkjeforum er medlem i Norske kirkeakademier og har gjennom året hatt fleire kulturarrangement i Nedstrand kyrkje:

*I styret sit Janne Eide, leiar, Bjørg Rørtveit, Sissel Myskja, Sissel Efjestad, Brit Silgjerd. Leif Kenneth Topnes (representerer soknerådet).*

## Pinsekonsert

Årets konsert blei i «storformat» då Torbjørn Økland valgt å stille med stort mannskap til ein god pris: Torbjørn Økland, Jan Ingvar Toft, Nils Økland og Halvor Lillesund.

230 betalande, 266 totalt. Ein pinsekonsert med full kyrkje, god stemning og proffe musikarar.

## Musikk i sommarkvelden 2024

3.juli- Mari Hauge m/gitarist

10.juli Andre Eide

17.juli- Synnøve Aanensen m/gitarist

24.juli -Tore Hegdahl og Ole Amund Gjersvik

31.juli Berdines Bjørnevaags orkester

Totalt 650 personer besøkte konsertane som har gratis inngang (med gåve på vippes mottas med takk).

## Haustprogram 24

10.nov - **Blått svev**- Hildegun Riise og Sigbjørn Apeland. Poesikonsert med Jon Foss tekstar. Det var siste arrangement i bLest-veka. Sissel Efjestad som har illustrert boka "Blått svev" hadde utstilling i galleri OPEN PORT. Godt besøkt.

**Sunniva Gylver**, prest og forfatter - lørdag 23.november kl 17.00 i Nedstrand kyrkje. Tema var «Himmel på jord», den nye boka som var gitt ut. Daniel Dossev og Ingrid Landro stod for det musikalske. Ca 85 frammøtte.

### Pilegrimsarbeid - samarbeid

Haugaland Pilgrimsutval, der Janne Eide sit som representant for Tysvær, inviterte til møte på Soknatun. Nedstrand kyrkjeforum, Nedstrand historie-og museumslag, Leirong kystlag, Frender av Motorskøyta Svanå og Nedstrand sokneråd var representerte. Wenche Lindtner er leiar i pilgrimsutvalet. Dei er spesielt opptatt av kystpilgrimsleia som strekker seg frå Egersund til Trondheim. For vårt område er pilgrimsleia til Røldal interessant. Nedstrand med si historie kan vera ein stoppestad på veg til Røldal. Eit positivt møte mellom ulike organisasjoner.

**Konfirmantfest- 5 kull med 50årskonfirmantar**  
Søndag 14.april Nedstrand kyrkje/Bygdahuset Nedstrand kyrkjeforum tok initiativ til Soknerådet om å lage ein oppsamlingsfest for konfirmantar (coronatid), og la tilrette for det kulturelle programmet. Gunnar Roaldkvam held kåseri. Daniel Dossev og Lars Johannes stod for det musikalske. Janne leia festen.

### Kyrkjetonar – kyrkjelydsblad

Sokna i Tysvær samarbeider om å gje ut Kyrkjetonar. Marit Kvalheim Heien representerer Nedstrand sokneråd i styret. Ingrid Hustoft Landro er redaksjonsmedarbeidar. Ståle Hustoft er redaktør.

### Soknatun

Soknet eig Soknatun, og det er god drift av huset. Det er eige styre for huset. Rekneskapet er nå ein del av Nedstrand sokneråd sitt rekneskap. Utgiftene på huset er ein del større enn inntektene, men blir inntil vidare dekt av fond Soknatun. I anledning at Stranda bedehus er avvikla og seld har soknet motteke gåve på kr 235 190 som blei overrekt på årsmøtet til Soknatun 24.april.



Frå leikeroppmøtet på Soknatun

Styret består av:

Åge Baustad, Inger Johanne Silgjerd Monstad, Marit Kvalheim Heien (representerer soknerådet i styret), Gunstein Landro, Erlend Sande. Vara; Silje Karina Sætre, Lars Kåre Bakkevig, Gunvor Hustoft og Leif Kenneth Topnes

### Kyrkjene og kyrkjegardar

Det er kyrkjeleg fellesråd/kyrkjeverja som har ansvar for drift. Nødvendig vedlikehald blir forsøkt gjort etter kvart som det blir oppdaga at det trengs.

I Nedstrand kyrkje er det laga eit teneleg skap i 2.etg i tårnet. Trappa opp til 3.etg var därleg og ble skifta.

### Dueland skule

Tysvær kommune vedtok å selje Dueland skule. Den er nærmaste nabo til Skjoldastrauen kyrkje og gravplassen. Soknerådet i samarbeid med Fellesrådet har hatt tett kontakt med Tysvær for å overta eigedommen. Formannskapet vedtok Enstemmig følgende: 1. Formannskapet overdrar gnr 88 bnr 10 vederlagsfritt til Nedstrand sokn, under forutsetning om at det blir nyttet til samfunnsnyttige formål. 2. Det forventes at soknerådet samarbeider med eksisterende brukere

### Økonomi

Det blei samla inn kr 184084 (2023: 184 616) i offer/kollekt i gudstenestene. Av dette gjekk kr 33318 (2023: 32 355) til eiga virksomheit. Kr 13400 (2023: 9400) kom inn via soknets givarteneste. Soknet fekk og ei minnegåve på kr 11.400 i samband med Kåre Holgersen si gravferd.

Nedstrand sokneråd har gått med eit overskot på 184 641 (2023: kr 91.768). Soknatun har hatt eit underskot i drift på kr 31356, (2023: kr 24.468) men blir bokført med overskot i og med gáve etter salg av Stranda bedehus. Samla gjev dette eit overskot for Nedstrand sokn på 421 867 (2023: kr 67.300).

Soknet sin økonomi er god og gjer det mogleg å drive ynskja arbeid.

## Tilsette med hovudansvar i Nedstrand sokn:

Sokneprest: Dag Tormod Milje

Organist: Vikarar

Kyrkjelydspedagog Janne Irene Eide.

Kyrkjetenar (og kyrkjegardsarbeidar) i Nedstrand:

Gunn Elisabet Helleren Ertenstein

Kyrkjetenar Skjoldastraumen: Sissel Efjestad

Reinhaldar: Gunn Elisabet Helleren Ertenstein

Sekretær: (Katrine Eide, permisjon) Gunn Elisabet Helleren Ertenstein (vikar)

Kyrkjegardsarbeidar: Einar Selvåg (permisjon)

## Fellesrådet

Valt frå Nedstrand sokneråd til medlemmer i fellesrådet:

Beate Hoftun Lindgren (nestleiar) permisjon frå 18.sept. Audhild Frøyland frå 18.sept og Kåre Åsheim (medlem). Vara Åge Baustad og Dag Tormod Milje

**Bispedømmerådet:** Dag Tormod Milje er medlem i bispedømmerådet, valt av prestane i bispedømmet. Arne Myskja er varamedlem.

Nedstrand 18. februar 2025

Kåre Åsheim

Leiar Nedstrand sokneråd

## Nedstrand sokneråd

Leiar: Kåre Åsheim

Nestleiar: Beate Hoftun Lindgren ( Marit

Heien nestleiar frå 18.sept)

Sekretær: Åge Baustad

Medlem: Synnøve Bårdsen Lindanger,  
Audhild Drivdal Frøyland, Marit Kvalheim Heien,  
Sokneprest Dag Tormod Milje

Varamedlem (1. og 2. vara møter fast, alle får innkalling):

Jostein Harboe (1.vara, møter fast frå 18.sept),

Karina Fitjar (2.vara),

Gunn Elisabet H Ertenstein (3.vara),

Åse Paulsen (4.vara),

Leif Kenneth Topnes (5.vara)

Beate Hoftun Lindgren innvilga permisjon fra soknerådet frå 1.oktober)

Rådet har i 2024 hatt 6 møter og har handsama 46 saker.